

Høgtid

Kyrkjelydsblad for Seljord,
Flatdal og Åmotsdal

Nr. 2 · Haust 2018
89. årgang



Helg og Høgtid

#2 · 2018

Redaksjon

480 85 754 | post@seljordkyrkje.no
Bankgiro: 2711.20.31826

Opningstider

Tys/ons/tor 09-13. Elles treffetid etter avtale. Kontoret kan være ubemannet på grunn av oppdrag ute.

Kyrkjekontoret

Dag Harald Undheim, Sokneprest
907 78 921 | dag.harald@seljordkyrkje.no

Petter Jakobsen, Ungdomsprest
909 51 409 | petter@seljordkyrkje.no

Jon Svardal, Kyrkjeverje
917 23 967 | jon@seljordkyrkje.no

Keith Griggs, Kantor
970 09 470 | keith@seljordkyrkje.no

Svanhild Rui Gustavsen, Diakon
915 77 011 | svanhild@seljordkyrkje.no

Kyrkjetenarar

Ivar Øygarden
907 84 971 | ivar@seljordkyrkje.no

Eilev Eiesland Bjørge
975 45 943 | eilev@seljordkyrkje.no

Seljord sokneråd

Kristine Nystad | 466 52 462

Flatdal sokneråd

Agnes Byberg Skårnes | 909 49 415

Åmotsdal sokneråd

Roar Gjessing | 958 67 866

Heimeside

www.seljordkyrkje.no

Logisk eller ulogisk?

I andaktar og preiker blir det lagt til grunn at det som står i Bibelen og som er grunnlaget for kristendommen er sant. Men det er det stadig færre som trur her i landet vårt, dei trur ikkje på Gud. Er det opplysning og vitskap som gjer det, eller er det mangel på kunnskap om kristendommen? Eg meiner at det er alle desse momenta som gjer det, pluss nokre til. Vitskap og opplysning heng saman, og mange meiner at dersom ein tek vitskapen på alvor, kan ein ikkje ta kristendommen på alvor. Eg meiner at ein kan det. Det gamle testamentet er problematisk i så måte, men det er bare eit fundament som kristendommen bygger på. Det fortel jødefolket si historie, og om deira spesielle tilhøve til Gud, og må forståast i den samanhengen det står. Det er Det nye testamentet som utformar kristendommen direkte, og er grunnlaget for trua.

Vitskapen legg til grunn at det som vitskapen ikkje kan observere finst ikkje, og det må vitskapen gjera, elles er det ikkje vitskap. Då fell alt som har med ein åndeleg dimensjon å gjera sjølvsagt utanfor vitskapen. Derfor er det ikkje særleg gjennomtenkt at somme utfordrar dei kristne til å bevise med vitskaplege metodar at Gud finst. Dersom Gud finst må han vera i ein åndeleg dimensjon, og kan derfor som regel bare anast mentalt. Og det kan sjølvsagt bortforklarast som innbillings, sidan det ikkje kan bevisast vitskapleg.

Men er det logisk at det finst ein skapar av universet? Eg meiner at det er det, fordi all logikk tilseier at av ingen ting kjem ingen

ting. Etter det eg har fått med meg hevdar vitskapen at «big bang» var eit svart hol sett i revers av ladningar som hadde henge att på utsida. Men tyngdekrafta som laga det svarte holet, trong ikkje den koma ifrå nokon plass? Og alt som var inne i det svarte holet som gjekk i revers, kom ikkje det frå nokon plass? Eller har alt eksistert alltid, i ei eller anna form, og var svart hol og «big bang» bare mellomstadier? «Big bang» er bevist, men alt som er bak der må vera teoriar. Dersom alt dreiar seg om menneske og Gud, er kanskje det endelause gamle universet nødvendig scenografi for at Gud skal vera Gud? Dersom Gud kunne observerast vitskapleg, og vera forståeleg og lett tilgjengeleg, var han ikkje ein overordna Gud, men underlagt menneska, som ei lampeånd i eventyret.

Alt må etter min logikk koma frå ei årsak, slik sett kjem vi aldri til endes i tidsrekka og utviklinga, med mindre det kom ifrå ein anna dimensjon frigjort frå våre naturlover, der det ikkje fanst tid og rom, og der ting ikkje trøng ha ei årsak. Omrent like

vanskeleg å tenke seg som vårt uendelege univers, og då bør det gå an. Fysst då kan der finnas ein logisk start på vår dimensjon og vårt univers, meiner eg. Men dit er det heilt umogleg for vitskapen å koma, men filosofien kan koma dit. Partiklane i kvantefysikken som dukkar opp og forsvinn er kanskje det einaste fysiske som fer mellom dimensjonane? Eller er dei heile tida i vår dimensjon, men kan ikkje alltid observerast?

Det er ikkje bare dei religiøse som er truande, det er også dei som trur at universet har blitt til av seg sjølv. Dei har etter mi meinings den sterkeste trua, dersom ikkje også dei slit med tvil. Er det ikkje den mistenksame som tenker at der må ligge noko bak, «big bang» minner mistenkeleg om skaping frå ingen ting? Er den som bare tenker innanfor vitskapen si ramme verkeleg ein fritenkare? Vi har ein tendens til å bare stille oss dei spørsmål som gjev oss dei svara vi ynskjer, slik at vi kan ha det imaget vi likar best.

Jon Svartdal

Biletet på forsida av dette nummeret er eit måleri av Erlend Grøstad. Erlend gjekk frå oss 10. april 2018. I gravferda hans var Flatdal kyrkje pynta med mellom anna dette måleriet.

Måleriet syner alle dei viktige hendingane frå Det nye testamentet, med den oppstadne Jesus Kristus i sentrum.



Babysang hausten 2018

Datoar

19. september, 3. oktober, 17. oktober,
31. oktober, 14. november og
28. november.

Velkommen til babysang på Misionshuset i Seljord (like ved ungdomsskulen). Her får du og barnet ditt anledning til å slappe av og kose dykk saman. Me vil synge, le, prate og ete. Mat blir servert. Onsdager klokka 11.30. Velkommen!

Helsing frå Kyrkja i Seljord.



*Svanhild,
Soknediakon*

Viss du lurar på noko, ring 480 85 754 (kontor) eller 915 77 011 (mobil).



Skimesse på Kvambekk

Etter mange år med skimesse på Myrvoll, blei det i år halde slik messe på Kvambekk.

Bjørg og Folke Nordbø var vertskap, og messa blei gjennomført i strålende solskinn.

Sigmund Valhovd fekk – saman med kona si – takkehelsing for alle dei gongene denne messa hadde blitt halde på Myrvoll.

Det var god servering og turløype i etterkant av messa.

Hjarteleg takk for minne gåva gjeven ved Anne Kildal si gravferd
Helsing tilsett ved Nesbukti pleie- og omsorgsenter, somatisk avdeling

Folkemøte i Åmotsdal



I den siste tida har det vore ein del snakk om mogelegheita for å slå saman sokneråda i Åmotsdal, Flatdal og Seljord.

Den viktigaste grunnen til dette har vore vanskane med å finne folk som er viljuge til å sitje i råda.

I Åmotsdal blei det halde folkemøte om sak. Møtet hadde god oppslutnad, og stemninga gjekk klårt i retning av at det var ønskjeleg å halde fram med eige sokneråd.

Både kyrkjeverje og prost deltok på møtet.

Felles hausstakkefest i prestegjeldet



I år skal me ha felles hausstakkefest i prestegjeldet – alle tre sokna i saman. Festen skal markerast i Flatdal kyrkje søndag 07. oktober 2018 kl 11:00.

Det er trusopplæringsutvalet som står for dette arrangementet.

Messa skal være sprell levande, og me ønskjer spesielt alle 4-åringane i Flatdal, Seljord og Åmotsdal velkomne saman med foreldra og søskena sine. Men andre er også sjølv sagt hjarteleg velkomne – det skal vere hausstakkefest for alle.

Fireåringane kan gjerne ta med seg eit kosedyr til denne messa – og kanskje ein traktor eller anna høveleg landbruksreiskap i leikeutgåve. Desse leikene vil bli samla inn og vere utstilte under messa.

Det vert servering av markens grøde.

Vel møtt til hausstakkefest i Flatdal kyrkje.

ALT I INNRAMMING
Ring for avtale
eller stikk innom

Om oss, bilder og kart:
www.rammeforum.com

RAMME
F · O · R · U · M

3840 Seljord
Telefon 35 05 02 10

Slektenes lovsong

– nytt songverk i Kviteseid og Seljord

«Slektenes lovsong» er eit nytt songverk som Olav Mosdøl i Kviteseid og Oddbjørn Aase i Seljord har arbeidd med det siste året. Då Seljord Songlag markerer sitt 30-årsjubileum i 2018, er koret involverte i den musikalske produksjonen.

Prosjektet «Slektenes lovsong» har som mål å vise ‘songen og musikken’ som slektenes middel og evne til kommunikasjon, mellom ulike generasjoner og med god formidling. Olav har skrive 16 tekster med vekt på variert innhald. Oddbjørn har forma musikken og arrangert 12 av tekstene for kor, to solistar og fire musikarar. 4 tekster er tenkt framført som resitativ.

Verket handlar om samspelet mellom natur og menneske, tradisjonar og verdiar. Dei tolv tekstene som det er sett musikk

Olav Mosdøl (t.v.) og Oddbjørn Aase.



Songlaget vil halde tre konserter

Kviteseid kyrkje

Sundag 23.9. kl. 19.00

Granvin kulturhus i Seljord

Fredag 19.10 kl. 19.00

Valle nye kulturhus i Valle

Laurdag 20.10 kl. 19.00

til, vekslar mellom kyrkjeleg og sakral stil, vise- og ballede-preg, rytmisk populær-musikk og gospel. Korinnsлага er ulike i format frå á capella med fire og to stemmer, firestemt kor med piano - og i samsong med alt- og barytonsolist. Det er skrive arrangement for pianist, fløytyst, kontrabass og slagverk. Korverket er ein nynorsk produksjon.

Olav Mosdøl og Oddbjørn Aase har mangårig erfaring bak seg når det gjeld tekst og musikk.

Dei gler seg over samarbeidet og den positive haldninga til Seljord Songlag. Det er eit blanda kor som blei starta i 1988, og har 30 entusiastiske songarar som kjem frå Seljord og omeign. Sidan 1994 har koret hatt samarbeid med Skagerak Energi om ein årleg julekonsert.

Musikarar og solistar vil bli: Jon Rørmark (kontrabass), Eivind Aase (slagverk), Ingrid Elise Engeland (fløyte), Øivind Bangor (piano), Peder Arnt Kløvrud (baryton), Anne Gravir Klykken (alt), Olav Mosdøl (resitasjon).

Fjellmesse på Roe i Dyrlandsdalen

Sommartid er tid for fjellmesser i Åmotsdal. I år blei det arrangert fjellmesse på Roe i Dyrlandsdalen på garden til Gunvor og Jack Hagen.

I tillegg til vanleg messe, var det barnedåp. Vårin Listaul blei døypt.

Randi Øverbø Hove deltok med kveding, medan Bergit Lisleåsheim Telnes fortalte ein del om staden me var på.

Mykje folk var til stades – og soknerådet sto for servering av kaffe og vaflar.



Sommarmesse i Manndal

Med god oppslutnad vart årets sommarmesse i Manndal kapell gjennomført sundag 19. august 2018. Om lag 40 personar fann vegen til kapellet i eit fint seinsommarver.

Messa vart gjennomført på vanleg vis. Dag Harald Undheim forretta, Tony Raley var organist, medan Bergit Lisleåsheim Telnes og Eilev Bjørge sørga for at hhv klokkestesta og kyrkjetenartenesta blei ivaretake.

Etter messa serverte Flatdal sokneråd graut og kyrkjekaffi, og det var god tid til sosialt samvær.



Pilegrimsvandring i Landstads fotefar

Jonsok – søndag 24. juni 2018 – blei det gjennomført ei pilegrimsvandring i Landstads fotefar. Pinsemenigheten Betel og soknerådet var saman om arrangementet.

Vandringa tok til i Åmotsdal. Frå Sudbø giekk me i Landstads fotefar; same ruta som han nyttå når han reiste i soknebod til Møsstrond.

Landstad skreiv eit stort dikt etter vandringsa si. Undervegs blei heile diktet lese opp, og me dvelte og undra oss over ord og tankar frå diktet.

Vandringa hadde stor oppslutnad – ja så mange møtte opp ved Åmotsdal kyrkje at det blei naudsynt med ekstra buss i tillegg til den som var tinga.

Etter vandringa vart det halde messe i Åmotsdal kyrkje – medan soknerådet serverte kyrkjekaffe til vandringsflokken.

Pilegrimsvandring i Landstads fotefar – frå Åmotsdal til Møsstrond.



Personleg relasjon

Å skape gode relasjoner menneske i mellom er noko av det mest grunnleggjande i det sosiale livet.

Korleis skape gode relasjoner menneske i mellom? Kva for instrument skal nyttast i dette arbeidet?

Det viktigaste instrumentet du kan ta i bruk i dette arbeidet er å lære namnet på den eller dei du ønskjer å bygge gode relasjoner til. Kan du tiltale den/dei andre med deira namn, viser du på ein fin og god måte at du ønskjer nærliek og god relasjon.

Jesus er den beste relasjonsbyggjar. Han veit å ta i bruk dette instrumentet på ein god måte. Det nye testamentet syner oss mange og gode døme på dette.

Når Jesus vender seg til Sakkeus, gjer han dette ved å bruke namnet: «Sakkeus, skund deg og kom ned! For i dag må eg ta inn i ditt hus.» (Luk 19,5)

Det same ser me når Jesus vil seie nokre sanningsord til farisearen Simon: «Simon, eg har noko å seia deg.» (Luk 7,40)

Den beste – og finaste – måten Jesus viser nærliek gjennom bruk av namn på er når han møter den gråtande Maria Magdalena utanfor den tomme grava påskemorgon. Når Maria ikkje skjøner at det er den oppstadne som står framføre henne ved grava, gjer Jesus seg til kjenne gjennom eit einaste ord: «Maria». Resultatet av dette eine ordet kjem umiddelbart i teksta frå Johannesevangeliet: «Då snur ho seg til han og seier på hebraisk: «Rabbuni» – det tyder meister.»

Jesus ønskjer nær og personleg relasjon til oss alle. Difor kan me kvile oss i desse orda frå profeten Jesaja: «Eg har kalla deg ved namn, du er min.» (Jes 43,1)

Dag Harald Undheim

Olsok på Uppigard, Natadal

I år blei det feira Olsok på Uppigard Natadal. Mette og Dag Aanderaa var vertskap. Mange hadde funne vegen til Natadal denne dagen. Sara Fjågesund Aase deltok med felemusikk på messa. Hovudinnhalldet i preika var at kristendommen kom til folket vårt med viktige omgrep som nåde, tilgjeving og ettergjeving.

Når sjølve messa var over, hadde Dag Aanderaa eit kåseri om garden Uppigard Natadal. Kåseriet blei etterfølgd av ei framstyring av mellom anna hovudhuset.

Carl Petter Opsahl deltok med klarinett-musikk under den kulturelle delen av programmet. Dagen vart avslutta med servering av suppe og kaffe og kakur.



Kyrkjelydstur til Nidaros

26.-31.juli

Torsdag 26.juli drog 50 personar frå Seljord og Hjartdal kyrkjelydar på tur til Midt-Noreg. Målet for turen var Nidarosdomen og Spelet om Heilag Olav, men me fekk med oss ein heil del i tillegg til det.

I løpet av dei seks dagane me var på tur var me innom ein god del kyrkjer. Ein gong til dagen samla me oss til tidebøn i ei kyrkje langs vegen. Det kunne vera morgonbøn eller samling midt på dagen. Tidebøn er vekslesing av bøner, salmar og skriflesing. Me hadde også eit lite turkor som song eit par songar under tidebøna. Desse samlingane i kyrkjer ramma inn dagen og turen for oss på ein god måte.

Den første dagen hadde me tidebøn i Mariakyrkja på Gran på Hadeland. Der var det utstilling av Håkon Gullvåg sine bilete med bibelske motiv. Dei to neste stoppestadane våre var også kyrkjer; Eina og Lillehammer kyrkjer. Begge stadane har Borgny Farstad Svalastog stått for utsmykkinga av kyrkja. Ho var med oss i begge kyrkjene og fortalte om tankane sine rundt utsmykkinga. Det var gripande korleis ho har fått fram den bibelske bodskapen i utsmykkinga av kyrkjeromma.

Andre dagen på turen stod i pilegrimsvandringa sitt teikn. Me starta dagen på Fokstugu. Der har det vore overnatting for pilegrimar på veg til Nidaros heilt sidan 1100-talet. Det var kong Eystein Magnusson som bestemte at det måtte byggjast hus slik at ikkje pilegrimane omkom i det harde klimaet over Dovre. På Fokstugu har dei noko dei kallar Guds Huset. Det er ei

lita tømre der ein kan be og meditere. Me tok oss tid til ei stille stund der før me gjekk langs pilegrimsleia mot Eystenskyrkja.

Somme gjekk om lag ei mil, andre tok ei litt stuttare løype, men alle fekk oppleve å gå på desse stigane der pilegrimar frå heile Europa har kjempa seg fram gjennom mange hundre år. Pilegrimsmerka viste oss vegen til Eystenskyrkja på Hjerkinn. Bilete av pilegrimsmerket

Så held turen fram med ein halv dag på Stiklestad, der me også såg Spelet om HeilagOlav, omvising i Erkebispegården, messe i Nidarosdomen, tur til Johan Falkberget sin heimpass, Ratvollen, overnatting på Røros, omvising og morgonbøn i Røros kyrkje og tur med rutebåt på Femunden. I Femundsmarka gjesta me også ein sørsamisk buplass. Turen vart avslutta med omvising i Engerdal ved sjølvaste Gjermund Eggen. Eit flott punktum blei sett med kaffi og kake heime hjå Anne og Gjermund Eggen.

Som de skjønar var det ein innhaldsrik tur, med mange høgdepunkt. Det er sikkert ulikt kvar og ein sette mest pris på, men for meg vart Olavsvaka i Nidarosdomen natt til 29.juli eit høgdepunkt.

Frå gamalt av blir alle særskilde heilag-dagar innleidde med ei vake. Dette gjeld både Jonsok, Olsok, Joledag, Påskedag osv. I år fall Olsok på ein sundag, så vakenatta vart frå 28. til 29.juli.




Seljordingane som var med på turen.

Me kom attende til Trondheim frå Stiklestad laurdagskvelden, og nokre av oss gjekk rett på midnattsmesse i Nidarosdomen. Det vart ei flott oppleving med full kyrkle, fin korsong og helsingar frå pilegrimar som hadde funne vegen til Nidaros frå ulike stader i verda. Eit særlig inntrykk gjorde det at det møtte opp så mange unge. Dei kom ruslande med liggeunderlag og soveposar; godt rusta til ei vake i den mektige domen. Underteikna vart ikkje verande i kyrkja heile natta, men etter nokre timars søvn kunne me møte opp igjen til høgtidsgudsteneste på sundags føremiddag.

Takk til Rune Lia og Svanhild Rui Gustavsen for ein flott tur!

Bergit Lisleåsheim Telnes

Ole Paus Jolekonsert



Seljord kyrkje, 13. desember.
Set av kvelden, vi kjem tilbake med
nærare informasjon i
jolenummeret.

Slekters gang

Døypte

Seljord

Mikkel Nenseter-Solås
Oliver Kleiv Nilsen
Lotte Telnes Åshammer
Siri Nordstoga
Linnea Skylar Tresland

Flatdal

John Ingar Rue
Eileen Hansen Traaserud
Andrine Haugum Nordskog

Åmotsdal

Vårin Listaul

Vigde

Seljord

Anna Synnøve Finkenhagen
og Ole Johan Bjørklund
Jorun Skafsstå Bjørge
og Henrik Alfret Karlsvik
Frøydis Heide
og Håkon Telnes Fjågesund

Flatdal

Anita Therese Tønnesen
og Sveinung Hølmebakk
Jorunn Hovde
og Guttorm Rue

Åmotsdal

Catrine Haugen
og Martin Rinde Evensen

Døde

Seljord

Anne Kildal
Liv Haugan
Gunnhild Øverland
Inger Lise Nes
Thor Andersson

Ås Marie Mevastaul

Åsmund Høgetveit
Johan Green
Ingebjørg Flatland
Else Mellingen
Hege Fosstveit
Grethe Skogheim
Leidulf O. Dyrland
Kristian Torp-Hansen
Kari Braaten

Flatdal

Ingebjørg (Immi) Storlid
Erlend Grøstad
Ottar Eikland
Olav H. Barstad
Kjell Magnus Paulsen
Turid Bagnø Ågren

Åmotsdal

Guro K. Dyrland

Formiddags-treff – haust '18

Flatdal

Onsdager kl. 11.00

12. september (Sion)
10. oktober (Flatdal Bedehus)
7. november (Sion)
5. desember (Flatdal Bedehus)

Med helsing Pinsemenigheten
Sion, Flatdal Misjonslag / Flatdal
sokneråd. Treng du skyss? Ring
Knut Liestøl 35 05 00 81.

Seljord Misjonshus

Fredager kl. 11.00

28. september
26. oktober
30. november

Med helsing Seljord sokneråd.

Steinmoen i Åmotsdal

Fredager kl. 11.00

9. november

Med helsing Pinsemenigheten Betel, Steinmoen Bu-
og servicesenter og Åmotsdal
sokneråd.

Sion i Langlim

Måndager kl. 11.00

24. september
26. november

Med helsing Pinsemenigheten
Betel/Åmotsdal og Åmotsdal
sokneråd.

Seljord Indremisjon

Aktivitetar på Misjonshuset

Kvinneforening

fyrste torsdag i kvar månad

Tysdag 2. oktober kl. 19.00

Gunhild Dobbe fortel frå arbeidet på Manilla.

Formiddagstreff

siste fredag kvar månad kl 11.00

Sundag 21. oktober kl. 19.00

Sangtime med Øyvind og Herdis Jørgensen.

Babysang

annan kvar onsdag kl. 11.30

Tysdag 30. oktober kl. 19.00

Møte med tale av Terje Olafsen frå Normisjon.

Tysdagsklubb

annan kvar tysdag

Fredag 26. til og med sundag 28. oktober

Bibelhelg med Jens Iver Jensen, tidlegare pastor i Norkirken Kongsberg. Fredag og sundag møte kl. 19.00, laurdag bibeltime kl. 10.30. Laurdag kl. 18.00 blir det fellesskapskveld med andakt, sang, underhaldning og kveldsmat.

Tysdag 18. september kl. 19.00

Møte med tale og sang av Nils Jørgen og Liv Unni Hardang.

Sundag 23. september kl. 19.00

Møte med tale og sang av Ole Andre Eliassen frå Norsk Luthersk Misjonssamband.

Fredag 16. november kl. 18.00

Basar.

Tysdag 20. november kl. 19.00

Bibeltime med Kjell Johan Nenseter.

Diakonens hjørne

*Lange dagar, ljose netter er forbi,
haustens vindar spelar opp sin melodi,
lauv fell av , fugl flyg over hav,
ein sommar farvel, takk for alt du gav!*

Svanhild, soknediakon



Om du ynskjer ein prat med diakonen,
er du velkommen til å ta kontakt.

Telefon: 915 77 011 / 480 85 754

Eg vandrar gjerne nokre steg saman
med deg, både i sorga og gledas
landskap.



Flatdal Handlaft as
Telemark

3841 Flatdal
 Tlf 350 57005 Mob 971 53661
www.flatdalhandlaft.no

GODKJENT FOR ANSVARSLØFT



granvin kulturhus
 seljord

Granvin Kulturhus AS

Nyveg 16 3840 Seljord
 Telefon: 35 06 59 90
 Epost: post@grankinkulturhus.no
www.granvin.kulturhus.no

Minnesamvær

På Granvin kulturhus kan ein ha små og store minnesamvær, ta kontakt med oss.

TRENGER DU NOEN Å SNAKKE MED?

Noen som ringer tenker på å ta sitt eget liv, andre er usikre, ensomme eller redde.
 Noen trenger bare å slå av en prat.

Ring eller skriv. Vi er her. Alltid. kirkens-sos.no

SOS
 22 40 00 40

SOS
 MELDING

SOS
 CHAT

KIRKENS
SOS

Mandag 24. september starter vi kurs for nye frivillige. Hvis du kan tenke deg å være frivillig vil du få god oppleveling gjennom et 40-timers inføringskurs og prøvevakter. I tillegg vil du når du står i tjeneste få jevnlig veildening og faglig påfyll. Høstens kurs holdes på vårt vaktrom i Gvarv, prøvevakter og tjeneste etter endt kurs kan gjennomføres enten i Skien eller Gvarv, så kurset er åpent for alle, uavhengig av hvor du bor.

Kurset har jevnlig inntak, så kontakt oss gjerne så snart som mulig om du er interessert. Du når oss på 900 59 297 eller telemark@kirkens-sos.no Mer info om det å være frivillig, kursprogram mm finner du på våre nettsider www.kirkens-sos.no/telemark



Norge har det
høyeste antall
boligbranner i verden.

4 av 10 branner har
elektrisk årsak.
Dette kan du gjøre
noe med!

Nytt sikringsskap – uten å bytte skapet!

Med vår rehabiliteringspakke kan du enkelt oppgradere både utsiden og innsiden av ditt eksisterende sikringsskap.
På kort tid får du et skap som er nytt og moderne.



Ferdig montert
kun kr. **12.900,-**

1 stk hovedsikring, 1 stk overspenningsvern
og 10 stk ordfeilautomater (enfas/2P).

Dette er komplert med arbeid og
materiell. Ingen skjulte kostnader!

**Ta kontakt
med oss i dag!**



Tlf. 35 06 10 00 - telemark@elektropluss.no - www.elektropluss.no



**Nutheim
Gjestgiveri**

Vi ønsker velkommen!
Telefon: 35 05 2143



Funnemark
Seljord

**Nordgarden
Bygg**

Åmotsdalsvegen 1615, 3844 Åmotsdal

Telefon: 95 87 34 62

Epost: nordgarden.bygg@hotmail.com

T.TVEITAN %

Brøløsvegen, 3840 Seljord

Telefon: 35 05 04 86

Telefaks: 35 05 04 90

**BYGGMESTER
T.A. GUSTAVSEN AS**
 **TLF. 975 17 817** 
byggmester@live.no

Aut. Installatør

Dyrud Elektro AS

3840 Seljord Tlf. 35 05 80 80
www.dyrud.no post@dyrud.no



Når du trenger elektriker

Gudstenester

18. s. i treeiningstida – 23.9

Åmotsdal kyrkje kl. 11.00

Offer: Diakoniarbeidet

19. s. i treeiningstida – 30.9

Seljord kyrkje kl. 11.00

Offer: Tysdagsklubben

20. s. i treeiningstida – 7.10

Flatdal kyrkje kl. 11.00

SprellLevande hausttakkefest
med 4-åringar frå Flatdal,
Seljord og Åmotsdal. Offer:
Barne -og ungdomsarbeidet

21. s. i treeiningstida – 14.10

Inga messe.

22.s. i treeiningstida – 21.10

Seljord kyrkje kl. 11.00

Offer: TV-aksjonen

Bots -og bønnedag – 28.10

Flatdal kyrkje kl. 11.00

Offer: Misjonsprosjektet

Allehelgensdag – 4.11

Seljord kyrkje kl. 19.00

Me les namna og terner lys
for dei som er gravlagt i Seljord,
Flatdal og Åmotsdal sokn sidan
sist Allehelgensdag.

25. s. i treeiningstida – 11.11

Flatdal kyrkje kl. 11.00

Offer: Kirkens Bymisjon i Telemark

26. s. i treeiningstida – 18.11

Seljord kyrkje kl.11.00

1.-klassingar i Seljord er invitert
til kyrkja for å få ei adventshelsing.

Offer: Barne - og ungdomsarbeidet

Domssøndag/

Kristi kongedag – 25.11

Åmotsdal kyrkje kl. 17.00

Ljosmesse med utdeling av
adventshelsing til 1.-klassingar
i Åmotsdal sokn.

Offer: Kyrkjelydsarbeidet

1. s. i adventstida – 2.12

Flatdal kyrkje kl. 11.00

LysVaken gudsteneste: Utdeling
av adventshelsing til 1. klassingar
i Flatdal sokn, og Aktivitetsbibel
til 11-åringane som har vore
med på LysVaken natt i kyrkja.
Offer: Barne - og ungdomsarbeidet

2. s. i adventstida – 9.12

Seljord kyrkje kl.11.00

Offer: Kirkens Bymisjon i Telemark

3. s. i adventstida – 16.12

Nes Bedehus kl.11.00

Offer: Nes Bedehus

Joleftan – 24.12

Seljord kyrkje kl.15.00

Offer: Kirkens Nødhjelp

Seljord kyrkje kl.16.00

Offer: Kirkens Nødhjelp

Flatdal kyrkje kl.15.00

Offer: Kirkens Nødhjelp

1. joledag – 25.12

Seljord kyrkje kl.12.00

Offer: Misjonsprosjektet

4. joledag – 28.12

Åmotsdal kyrkje kl.17.00

Joletrefest på Grendehuset
etter messa.

Offer: Kyrkjelydsarbeidet
og Betel

Romjulssøndag – 30.12

Inga messe.

Nyttårseftan – 31.12

Seljord kyrkje kl.16.00

Offer: Kirkens SOS i Telemark

6.1. 2019

Manndal kapell kl.17.00

Utdeling av jolehelsing til
fem-åringane i Seljord, Flatdal
og Åmotsdal. Joletrefest etter
gudstenesta. Utlodding.

Seljord kyrkje

Flatdal kyrkje

Åmotsdal kyrkje

Manndal kapell

